

---

Vår referanse 2021/22280-2  
Dato 21.06.2021

---

Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

## Kulturminnefagleg fråsegn - Landbruksveg - gnr. 134, bnr. 4 - Hilland - Alver kommune

Vi viser til brev datert 01.06.2021 med ovanfor nemnde sak til fråsegn. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med den omsøkte trasèen. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet.

### Hogst

Vi ynskjer i tillegg å informere tiltakshavar/grunneigar om at Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune også skal varslast om planlagt hogstarbeid for vurdering etter kulturminnelova. Varselet skal innehalde følgjande informasjon:

- **Gnr - Bnr - kommune**
- **Kart over hogsområdet og eventuelle planlagde driftsvegar, velteplassar, m.m.**
- **Info om eventuelt kjende kulturminneverdiar i område.**
- **Planlagd oppstatsdato.**
- **Kontaktperson - e-post og organisasjonsnummer.**

Vi ber kommunen innarbeide eller leggje ved vår fråsegn i sitt vedtak.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik  
fagleiar

Sigrun Wølstad  
seniorrådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

